



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Vår dato:

11.03.2024

Vår ref:

2019/357

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Høyring av frivillig skogvern ved Gyttavatnet i Fjaler kommune

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland fylke sender vi ut framlegg til frivillig skogvern av Gyttavatnet naturreservat i Fjaler kommune. Vi ber om høyringsinnspeil for arealet som har ein storleik på 4475 dekar. Du er velkommen til å sende innspel i høyringsfasen innan 13. mai 2024.

Kandidatområdet for skogvern ved Gyttavatnet er lokalisert på gards- og bruksnummer 26/1, 96/1, 96/3, 96/8, 96/9, 98/3, 100/4, 100/5 og 104/2 i Fjaler kommune. Kandidatområdet ligg mellom Gyttavatnet og Breidvatnet, mellom 10 og 455 moh. Området er eigd av private grunneigarar som har signert tilbod om vern av areal som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern. Miljødirektoratet eig også areal der.

Vi vurderer området til å oppfylle viktige manglar i skogvernet både i fylket og nasjonalt med gammal og variert rik og fattig edellauvskog, fattig boreonemoral regnskog og forholdsvis intakte område av lågareliggende skog i boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone.

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 prosent av skogarealet. Per januar 2024 var omlag 5,3 prosent av skogarealet og ca. 4 prosent av den produktive skogen verna i Noreg. Vi har verna i overkant av 3 prosent av skogen i Vestland. I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva for å ha stor positiv effekt på trua artar i skog. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog. Frivillig vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog. Det er eit nasjonalt miljømål at eit representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjoner. Vern av skog er også viktig for å nå mange andre miljømål vedtekte av Stortinget.

Frivillig skogvern

Artsdatabanken, som er den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfald, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei trua raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar, og fysiske inngrep



som følge av utbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Derfor er det å ta vare på levestadane til artsmangfald i skog blant det viktigaste tiltaket vi kan gjøre for å sikre vestlandsnaturen for framtida. Det er AT Skog som har framforhandla vernet på vegner av grunneigarane av kandidatområdet Gyttavatnet, og som ser til at interessene til grunneigarane blir ivaretakne.



Figur 1 Gyttavatnet kandidatområde for frivillig skogvern er relativt lågliggjande og inkluderer verdifull skog som leveområde for ei lang rekke artar. Biletet er teke nordvestover frå Gyttakleiva på 130 meter over havet. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/ Maria Knagenhjelm

Verneverdiar i Gyttavatnet naturreservat

Skogen vi foreslår til vern inkluderer 12 ulike naturtyperegistreringar i eit forholdsvis samanhengande og intakt område av lågareliggjande skog. I arealet er det registrert stor variasjon i vegetasjon, og jamt over fleiraldra skog med lite påverknad av menneskeleg aktivitet. Det er gammal kystfuruskog med blåbærskog og lågurtskog med seintveksande furutre, stadvis truleg med alder på truleg over 300 år. Skogen ligg i boreonemoral og sørboreal vegetasjonssone, og klart oseanisk/sterkt oseanisk kystseksjon.

Sørvest i tilbodsområdet ligg ei nordvendt kløft med velutvikla lav- og mosesamfunn med fuktkrevjande artar, og det finst fleire lokalitetar med velutvikla gammal boreal lauvskog med kravfulle raudlista artar som olivenlav og kystprikklav. Ved vatnet er det blåbær-svartorskog og alm-lindeskog av vestleg utforming med hasselkratt. Artsregistreringar som ospeildjuke tyder på god kontinuitet av osp. Eit funn av blomsterstry (VU) var det andre funnet av arten på Vestlandet.



Arealet dekkjer også rik edellauvskog med grove tre av svartor, lind og eik. Det er registrert gammal fattig edellauvskog med hasselkratt og gammal svartorskog. Lokaliteten er ein del av eit større skogområde med kvalitetar knytt til både eldre lauvskog med rike lavsamfunn, regnskogsmiljø og eldre furuskog.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i medhald av naturmangfaldlova jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat i § 37 er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, vurderer vi er mest aktuelt for Gyttavatnet.

Konsekvensar av vernet

For å ta vare på dei sårbare og store naturkvalitetane i området er det nødvendig med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Det er difor ønskeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sanking av sopp og bær. Ein skal også kunne halde eksisterande turstiar ved like.

Brukarteresser

Den Trondhjemske postveg mellom Dale og Leirvik vart bygd mellom 1801 og 1806 for å få etablert fast postgong på strekninga frå Bergen via Molde til Trondhjem. Delar av postvegen går gjennom arealet som no er i verneprosess. Denne strekninga har fleire karakteristiske steinbuer langs vegen. Disse vitnar om høg kompetanse på tørrmuring og er viktige kulturminne, i tillegg til at strekninga er brukt til både vandring og sykling. Strekninga er omtalt som eit turforslag på ut.no.

Det meste av friluftsliv kan gå føre seg som tidlegare. Bålbrannen vil være lov med tørrkvist frå bakken eller med medbrakt ved i samsvar med gjeldande lovverk. Det er enkelte stiar i området, men ut i frå observasjonar på synfaring (i februar) ser det ut til å vere relativt lite ferdsel i dei største delane av kandidatområdet. Ein sti går langs vestsida av Botnane til Lendinga, der det er nokre bygg, men disse er heldt utanfor vernegrensa. Truleg er det både bygdefolk, jegerar og beitedyr som nyttar stiane utanom postvegen. Vi vil presisere at det ikkje vil vere lov med bruk av el-sykkel i det framtidige naturreservatet, heller ikkje langs postvegen, når området får framtidig status som naturreservat. Det kan kome innspel på dette i høyringa.

Merking og rydding av eksisterande stiar er lov, og om det er behov for å merke og/eller rydde nye stiar kan forvalningsstyremakta gje løyve til dette dersom vilkåra for dispensasjon er til stades. Forvalningsstyremakta kan gje løyve til tilretteleggingstiltak og oppsetting av turpostar. Det vil vere mogeleg å ri med hest og sykle på postvegen som er avmerkt på vernekartet, men ikkje utanfor denne.

Vi har fått informasjon om ein gammal tinglyst bruksrett tilhøyrande gards- og bruksnummer 99/1 og 99/2. Disse ligg tilgrensande i vest for kandidatområdet for frivillig skogvern. Retten gjeld hevd på å kunne køyre ut tømmer frå eigedommane øvst i Kolbeinsdalen og ned til ein velteplass ved vatnet Kjosen, som den einaste mogelegheita for å få frakte ut tømmer på naboeigedommen.

Det er ei kraftline i regionalnettet ved namn 66 KV Hålandsfossen – Nedre Svultingen som går gjennom kandidatområdet i det søraustre hjørnet. Det er eigd av BKK Nett AS. I tillegg er det ei



Større kraftlinje gjennom arealet på tvers frå aust til vest over Styggehamaren, men her finn vi ikkje oppdatert informasjon i offentleg tilgjengelege databasar. Ut i frå synfaring ser det ut som om den går på tvers av den sørlege delen av sjølve Gyttavatnet med eit lengre luftspenn. Vi ber NVE og/eller BKK supplere kunnskapen vår om denne linja. Under er bilete av linja etter synfaring, der det ser ut til å vere relativt nyleg oppgraderte master og rydding.



Figur 2 Nyleg oppgraderte master i kandidatområdet. Vi ønskjer meir info frå områdekonsesjonær om disse, då det er lite tilgjengeleg i databasar som t.d. fylkesatlas eller NVE Atlas. På biletet nede til venstre kan ein så vidt sjå mastetoppene på toppen av kollen i framgrunnen under tåka. Foto: Statsforvaltaren i Vestland.



Innspel i verneprosessen

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet den 7. januar 2024. Innan fristen den 23. januar same år fekk vi inn 6 innspel. Innspela er omtalt under.

Landbruksdirektoratet har nokre generelle innspel. Direktoratet ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva interesser det er i området. Direktoratet går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet allereie er ivareteke i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigarane. Brukarinteressene er elles greidd ut i dette brevet.

Språkrådet sendte innspel til oss om namnsettinga og tilrår oss å nytte namnet Gyttavatnet naturreservat på kandidatområdet.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi legg innspelet frå Språkrådet til grunn og nyttar *Gyttavatnet naturreservat* i det vidare arbeidet.

Statens vegvesen skriv i sitt innspel at det ikkje er riksvegar i området som no er foreslått til vern. Delar av traseen til den Trondhjemiske postvegen ligg innafor dei føreslegne vernegrensene, sør aust i planområdet. Vegvesenet sendte med eit kartutsnitt i brevet for å synleggjere traseen. Det er viktig at naudsynt vedlikehald og reparasjon, inkludert bruk av maskinelt utstyr, vert tillate i verneforskrifta, skriv dei.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi vil leggje til rette for at den Trondhjemiske postvegen blir teke omsyn til som kulturminne og vil tilpasse verneforskrifta etter innspelet. Vern av Gyttavatnet som naturreservat vil ikkje hindre vedlikehald eller restaurering av kulturminne i samråd med Statens vegvesen og/eller kulturminnestyresmaktene. Vi vil gjerne ha meir informasjon frå vegvesenet i høyringa, til dømes om det føregår årleg skjøtsel på vegtraseen, slik det til dømes blir utført på Kongevegen gjennom Lærdal. Vi ser at flora og fauna kan ha nytte av slått etter ein skjøtselsplan. Vanleg vedlikehald vil ikkje krevje dispensasjon, men restaureringsarbeid med til dømes gjenoppbygging av steinmurar vil forvaltningsstyresmaka kunne gje løye til dersom vilkåra er til stades. Skjøtsel vil elles kunne bidra til at lysopne område blir oppretthalde inntil veggban og hindre at røter eventuelt trenger seg inn i murane. Det vil vere mogeleg å nytte naudsynt motorferdsel i samband med utføring av skjøtsel eller enkelt vedlikehald. Køyretøy som vert nytta skal vere skånsam mot markoverflata.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) skriv i sitt innspel at det, sør aust i kandidatområdet, kryssar eksisterande nett drifta av BKK AS og at BKK AS er områdekonsesjonær. NVE skriv vidare at det er viktig at områdekonsesjonær uttalar seg om aktuelle planar eller om bestemmingane i forskriftene ikkje dekker den enkelte konsesjonær sine behov og ber såleis nettselskapet om å uttale seg, også i tilfelle utan konflikt. NVE ser at det i utkastet til verneforskrift er på plass alle standardformuleringar om energi- og nettanlegg.

**Kommentar frå Statsforvaltaren:**

Vi ser at BKK AS står som kopimottakar av brevet frå NVE, og sender høyringa til BKK AS i lag med andre mottakarar av høyringa. Vi vil gjerne ha innspel i høyringa om linja som nyleg er oppgradert/etablert jf. bileta i figur 2. Det er manglande informasjon om denne traseen i kart. Det ser heller ikkje ut som om linja er kontinuerleg, men synfaring i felt syner at den heng saman over vatnet.

Jenny Kjøses, Torbjørn Espedal og Helge Bøe har sendt innspel til oppstartsmeldinga. Dei er eigarar av gards- og bruksnummer 99/1 og 99/2, som er naboeigedomar vest for kandidatområdet for frivillig skogvern. Gardane har ei tinglyst bruksrett til å frakte ut tømmer frå eigedomane øvst i Kolbeinsdalen og ned dalføret til ein velteplass ved Kjosen. Sidan denne traseen, gjennom det kommande naturreservatet, er einaste mogelegheit for å frakte ut tømmer ønskjer dei tre grunneigarane å vite korleis retten deira vert ivaretake i verneprosessen.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi set pris for innspelet frå grunneigarane om disse gamle rettane slik at verneplanen vart betre opplyst. For å sikre at grunneigarane framleis skal få nytte disse rettane har vi lagt inn ei formulering i verneforskrifta si § 7 bokstav I. Det innberar at forvalningsstyresmakta, etter søknad, kan gi dispensasjon til naudsynt motorferdsle på frosen eller snødekt mark ned Kolbeinsdalen mot Kjosen i samband med utkjøring av tømmer felt på gards- og bruksnummer 99/1 og 99/2. Frakt av tømmer på snødekt mark vil vere avgjerande for å unngå skade på terrenget.

Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) informerer om arbeidet med å gå gjennom regelverket i ulike sektorar i staten. KDD viser i brevet til at det er eit mål at myndigkeit som ligg hos kommunane skal gå fram direkte av lover og forskrifter og ikkje av delegeringsvedtak. Som del av dialogen på departementsnivå er det teke inn ei ny formulering i forskriftsmalane § 11 om at "Miljødirektoratet kan delegere myndigheita til kommunar som samtykker til det." Der kommunen i samband med verneprosessen takkar ja til å bli forvalningsstyremakt vil dette gå fram direkte av verneforskrifta.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Den nye formuleringa er tatt inn i §11 i framlegg til verneforskrift for Gyttavatnet naturreservat. Dersom kommunen takkar ja til å bli forvalningsstyremakt vil dette gå direkte fram av den endelige verneforskrifta.

Endringar sidan oppstartsmeldinga:

I verneforskrifta for Gyttavatnet har vi lagt inn formuleringar for den Tronhjemske postvegen tilsvarande om lag som i verneforskrifta for Helleren naturreservat i Lærdal, der kongevegen går gjennom. Det vil være mange likskapar mellom disse to historiske veganlegga, slik at vi høyrer dette reviderte framlegg til verneforskrift (sjå vedlegg). Vi har lagt inn eit tillegg i forskrifta § 3 bokstav d om at forbodet mot større arrangement ikkje gjeld på den Tronhjemske postvegen, slik at den framleis kan vere arena for friluftsliv t.d. frå skuleklasser eller bussgrupper eller andre utan at vi skal setje krav om løyre etter verneforskrifta. Vi har lagt inn i ny § 4 bokstav d, med eit generelt unntak frå vernereglane for *vedlikehald* av postvegen, inkludert skjøtsel etter skjøtselsplan, og andre eksisterande anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet. I § 6 bokstav e har vi opna for naudsynt motorferdsel i samband med utføring av skjøtsel eller enkelt vedlikehald, jf. § 4 bokstav g (etter skjøtselsplan). Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. For restaurering av delane av postvegen som treng gjenoppbygging viser vi til dispensasjonsheimelen i §



7 bokstav a som lyder Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til: Istandsetting, restaurering og naudsynt skjøtsel av kulturminne.

Vi har lagt inn § 7 l: Naudsynt motorferdsle på frosen eller snødekt mark ned Kolbeinsdalen mot Kjosen i samband med utkjøring av tømmer felt på gards- og bruksnummer 99/1 og 99/2.

Vi har også endra formuleringa i verneforskrifta § 11 om forvaltningsmynde jf. brevet frå KDD.

Forvaltning

Fastsetting av forvaltningsstyresmakt for Gyttavatnet naturreservat blir avgjort i vernevedtaket eller like etterpå. Statsforvaltaren er forvaltningsstyresmakt for dei fleste verneområde, men myndigheita er i nokre tilfelle delegert til kommunen. Dersom Fjaler kommune ønskjer delegert forvaltningsmyndighet må kommunen gje tilbakemelding om dette gjennom høyringa. For tilbodet til kommunane om forvaltningsmyndighet gjeld følgjande føresetnader:

- Kommunane vert tilbudd å bli forvaltningsstyresmakt for alle verneområda som i si heilskap ligg innafor kommunen sine grenser.
- Kommunar som ikkje tidlegare har hatt forvaltningsmyndigkeit må takke ja til alle aktuelle verneområde i kommunen dersom kommunen ønsker å bli forvaltningsstyresmakt. Kommunen må ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse.
- Det følgjer ikkje midlar til ei eventuell delegert myndighet.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på det frivillige skogvernet i Gyttavatnet slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil vi vurdere innspela og ta endeleg stilling i vår tilråding av vern til Miljødirektoratet. Vi er spesielt interessert i å høyre frå Fjaler kommune og BKK AS/NVE. **Frist for å kome med innspel er 13. mai 2024.**

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på nettstaden vår. Der kan du sende inn innspel til denne høyringa. Det er også mogleg å sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved Miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til [svfpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no).

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonssjef, naturmangfald

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Høyringskart - Gyttavatnet naturreservat
- 2 Verneforskrift Gyttavatnet - høyring

Kopi til:

AT Skog



| | | | |
|---|-----------------------|------|------------|
| Kommunal- og moderniseringsdepartementet | Postboks 8112 Dep | 0032 | OSLO |
| Fiskeridirektoratet | Postboks 185 Sentrum | 5804 | BERGEN |
| Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE | Postboks 5091 | 0301 | OSLO |
| Landbruksdirektoratet | Majorstua | | |
| Vest politidistrikt | Postboks 56 | 7701 | STEINKJER |
| Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard | Postboks 85 | 6901 | FLORØ |
| Vestland fylkeskommune | Postboks 3021 Lade | 7441 | TRONDHEIM |
| Luftfartstilsynet | Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |
| Forsvarsbygg | Postboks 243 | 8001 | BODØ |
| Avinor | Postboks 405 Sentrum | 0103 | OSLO |
| Kystverket | Postboks 150 | 2061 | GARDERMOEN |
| NTNU | Postboks 1502 | 6025 | ÅLESUND |
| Høgskulen på Vestlandet | Postboks 8905 | 7491 | TRONDHEIM |
| Norsk institutt for bioøkonomi | Postboks 7030 | 5020 | BERGEN |
| Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag | Postboks 115 | 1431 | ÅS |
| Det norske skogselskap | Tverrgt. 4/6 | 5017 | BERGEN |
| Den Norske Turistforening | Youngstorget 1 | 0181 | OSLO |
| Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane | Sognefjordvegen 40 | 6863 | LEIKANGER |
| Fortidsminneforeningen | Dronningens gate 11 | 0152 | OSLO |
| Friluftslivets Fellesorganisasjon | Nedre Slottsgate 25 | 0157 | OSLO |
| Friluftsrådenes Landsforbund | Gamle Drammensvei 203 | 1337 | SANDVIKA |
| Norsk institutt for naturforskning | Postboks 5685 | 7485 | TRONDHEIM |
| | Torgarden | | |
| KS - Kommunesektorens organisasjon | Postboks 1378 Vika | 0114 | OSLO |
| Natur og ungdom | Postboks 4783 | 0506 | OSLO |
| NHO Reiseliv | Sofienberg | | |
| Norges Bondelag | Postboks 5465 | 0305 | OSLO |
| | Majorstuen | | |
| Norges Jeger- og Fiskerforbund | Postboks 9354 | 0135 | OSLO |
| Norges Geologiske Undersøkelse | Grønland | | |
| | Postboks 94 | 1378 | NESBRU |
| | Postboks 6315 | 7491 | TRONDHEIM |
| | Torgarden | | |



| | | | |
|---|---|------|-----------|
| Norges Handikapforbund | Postboks 9217 Grønland | 0134 | OSLO |
| Norges Miljøvernforbund | Postboks 539 | 5806 | BERGEN |
| Norges Naturvernforbund | Miljøhuset, Marieboesgate 8 | 0183 | OSLO |
| Norges Orienteringsforbund | Postboks 5000 | 0840 | OSLO |
| Norges Skogeierforbund | Postboks 1438 Vika | 0115 | OSLO |
| Norsk Biologforening | Postboks 1066 Blindern | 0316 | OSLO |
| Norsk Bergindustri | Postboks 7072 Majorstuen | 0306 | OSLO |
| Norsk Bonde- og Småbrukarlag | Akersgata 41 | 0158 | OSLO |
| Norsk Botanisk Forening | c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern | 0318 | OSLO |
| Norsk Industri | Postboks 7072 Majorstuen | 0306 | OSLO |
| Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS | Postboks 7079 St. Olavsplass | 0130 | OSLO |
| Norsk Ornitoligisk Forening | Sandgata 30 B | 7012 | TRONDHEIM |
| Norsk Sau og Geit | Postboks 104 | 1431 | ÅS |
| Norskog | Postboks 123 Lilleaker | 0216 | OSLO |
| Norsk Zoologisk Forening | Boks 102 Blindern | 0314 | OSLO |
| Sabima | Mariboes gate 8 | 0183 | OSLO |
| Statens Kartverk | Postboks 600 Sentrum | 3507 | HØNEFOSS |
| Statkraft SF | Postboks 200 Lilleaker | 0216 | OSLO |
| Statnett SF | Postboks 4904 Nydalen | 0423 | OSLO |
| Technogarden | Vestfjordgaten 4 | 1338 | SANDVIKA |
| Universitetet i Bergen | Postboks 7800 | 5020 | BERGEN |
| Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet | Postboks 6050 Langnes | 9037 | TROMSØ |
| WWF Verdens naturfond | postboks 6784 St. Olavs Plass | 0130 | OSLO |
| Naturhistorisk museum | Postboks 1172 Blindern | 0318 | OSLO |
| Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet | Postboks 5003 | 1432 | ÅS |
| Vegdirektoratet | Boks 8142 Dep. | 0033 | OSLO |
| Stadnamntenesta på Vestlandet | Postboks 7805 | 5020 | BERGEN |



| | | | |
|--|---|------|---------------------|
| Norges Jeger- og Fiskerforbund avd Sogn og Fjordane | Dørndalsveien 114 | 7100 | RISSA |
| Fjaler kommune | Postboks 54 | 6961 | DALE I SUNNFJORD |
| FJALER KOMMUNE ADMINISTRASJON | Dalstunet 20 | 6963 | DALE I SUNNFJORD |
| FJALER KOMMUNE TEKNISK KONTOR | Dalstunet 20 | 6963 | DALE I SUNNFJORD |
| FJALER POLITISTASJON | Postboks 85 | 6901 | FLORØ |
| INDRE SUNNFJORD TURLAG | Postboks 488 | 6801 | FØRDE |
| STIFTELSEN RØDE KORS NORDISK UNITED WORLD COLLEGE | Hauglandsvegen 304 | 6968 | FLEKKE |
| FLEKKE BEITELAG | c/o Peter Kåre Igelkjøn Igeltjørn 27 | 6968 | FLEKKE |
| FLEKKE GRENDALAG | c/o Øystein S. Haaland Flekkeklevane 2 | 6968 | FLEKKE |
| Jenny Kjøsnes | Espedalsvegen 384 | 6968 | FLEKKE |
| Torbjørn Espedal | Espedalsvegen 384 | 6968 | FLEKKE |